

SYNG UT

NR. 3

MANDAG 29. JANUAR 1979

ÅRG. 2

NYTT FRÅ SMORKORK

Samarbeidskomiteen mellom Oslo Rødt Kor og Oslo Rødt Korps hadde møte torsdag 17.1. for å planlegge den felleskonserten vi har tenkt å arrangere til våren. Så mykje nytt kom det ikkje fram, - vi jobbar som sagt for å få til eit sam-arrangement med eit anna kor og korps i byen. Korpset har vore i kontakt med Sporveiens Musikkorps. Dei har framleis ikkje fått endeleg svar frå styret i korpset, men det er gode sjansar for at Sporveismusikken kan tenke seg å delta på ein konsert sammen med oss. Vi skal no undersøke om Sporveien har eige kor, eller om vi kan få med eit kor frå ei anna fagforening. (Har du gode forslag?) Smorkork (komiteen, altså) meiner at konserten ikkje skal vere eit mobiliserings-arrangement til 1.mai. Målet med arrangementet må etter vår meining vere å få kontakt med andre kor- og korpsmedlem. Vi trur vi har mykje å lære av kvarandre.

Vi legg opp til at Rødt Kor og Rødt Korps skal framføre eit fellesnummer på konserten. Helst ville vi valgt "Varde" av Per Sivle som fellesnummer, men det viser seg at dette arrangementet ikkje vert ferdig i tide. "Solidaritetssong

til Tsjekkoslovakias folk/Moldau" er eit anna alternativ. Problemet er at korpsarrangementet til den sangen er temmeleg vanskeleg. I korpset er det stor stemming for "Lovsong til revolusjonen" som fellesnummer. Vi vart samde om at korpset må bestemme kva slags song vi skal framføre sammen, ut frå det dei meiner dei kan makte å spele.

Vi må så smått sjå oss om etter lokale til konserten. Vi trur det vil rekke med ein sal som rommar ca. 300 menneske, og vi skal no undersøke om det går an å få leie aulaen på Marienlyst skule, Folkets Hus' lille sal eller ein liten sal i tilknytning til Samfunnssalen.

Vi har gått bort frå tanken om å skipe til fest etter konserten. Det ville krevje mykje arbeid, og vi måtte kan hende skifte lokale for å få til ein slik fest. I staden tenker vi å servere kaffe og kaker til deltakarane og publikum etter konserten.

Hege



OM DEN MUSIKALSKE SKULERINGA

Det er framleis motseiingar i koret på skuleringskampanja. Sjølv om mykje av argumenta ikkje går mot sjølve kampanja, men meir mot utvalet av songar osv. meiner eg det likevel er slik at det er folk som er motstandarar av skuleringa. Som meiner det er andre ting som er viktigare for oss å drive med. Difor litt meir om kampanja:

Gjennom snart eitt år har vi no diskutert spørsmålet om skulering. Eg trur ein del av motstanden hos einskilde kameratar i koret går på at dei var misnøgde med den skuleringa vi dreiv i haust. Og det er ikkje så rart. Notekurset vart ikkje fulgt opp på resten av øvinga. Ein del folk er - diverre - framleis motstandarar av å lære notar, telle taktar osv. Men notekurset var i seg sjølv heller ikkje bra nok. Det vart ikkje diskutert undervegs anna enn i musikalsk leing.

Men no er vi altså oppe i noko som endeleg ser ut til å kunne bli ei kampanje. Vi treng å lære stemmebruk og sangteknikk. Vi treng betre vis å lære ein ny song på. I dag kan vi lære inn ein song på ei øving, men dei fleste har då gløymt stemmen att dagen etter. Av di vi ikkje har nytta ein bra metode. Vi har stagnert musikalsk og kunstnarleg. Høyr på plata "Fram Fram" som Oslokoeret song inn i 1973(!) Det musikalske nivået var svært høgt, og dei fleste arrangementa var faktisk og meir spanande enn dei vi har idag.

Eg nærmar meg no kjerna i det eg vil seie: Vi er med på ein kamp om FOLK SIN IDEOLOGI. Kva gjer at ein halv million nordmenn har sett "Grease"? Ifølgje anmeldarane ein film det går 13 av på dusinet. Musikken er seld i 215.000 eks., og musikken er og uhyre slett. Sjølv sagt har heile marknadsføringa mykje å seie. Men eg trur Wenche Blomberg (red. av Filmavisa) er inne på noko vesentleg når ho seier at dei må ha funne noko som slår hos dei som ser og høyrer. Og det er klårt at desse spekulantane ynskjer å spreie borgarskapet sin ideologi. Det er mot dette vi

skal slåst. Og då må vi vera bra. Dei politiske måla våre står ikkje i samsvar med det kunstnarlege nivået vårt og dei kunstnarlege måla.

Eg trur kjernepunktet i motseiinga framleis er dette: Er vi ein kulturorganisasjon med eit politisk mål, eller er vi ein politisk organisasjon som nyttar kulturen for eit visst politisk føremål? Eg oppmodar styret til å ta opp att denne diskusjonen og t.d. la han bli hovudtema for seminaret i mars - det er her det brenn. Så kan vi gjerne føre dette vidare til å diskutere kulturpolitikken i Kina eller kvar som helst. Men det er her vi skal leggje opp ein politikk for koret som vi skal nytte.

Så over til utvalet av songar for kampanja. Motargumentet er: Desse kan vi ikkje nytte seinare. Kvifor ikkje? Eg krev at dei som meiner dette skriv innlegg hit til avisa og seier kvifor desse ikkje kan nyttast. Har enno ikkje høyrte anna argument mot enn at dei ikkje er progressive eller revolusjonære nok.

Men kvifor har musikalsk leing nett plukka ut desse 3 songane? Diverre har vi få gode arrangement blant det som er laga i Forbundet til no. Det vi skal no er å lære ein særskilt METODE for innlæring av songar. Og dette er det viktigaste - ikkje innhaldet i teksten. Metoden går ut på å lytte, lære å høyre seg sjølv som ein del av koret, å forstå sin eige rolle i høve til resten av koret. Hovudsida ved dei songane som er plukka ut er at dei skal tene dette føremålet. Vi skal lære metoden og nytte han seinare til å lære oss andre songar. Likevel meiner eg at vi og kan ha desse tre songane på repertoartt. Men dette er ein annan - og minst like viktig - diskusjon som vi kan kome attende til når DU har skrivi eit innlegg om det.

jonas